

Bjørkheim

Av Knut Raastad, 2017



Gnr. 89 bnr. 5 vart fråskild frå nordgard Sandnes 1904. Skjøte frå John Johnsen til Peder A Braaten for kr 900,- er frå 1905.

Per (Braaten) Bjørkheim f.1874 vart gift 1895 med Guri Øygarden f.1872, frå Skreppholet. Barna var

Anders Bjørkheim f.1895

Jo f.1897

Johan Bjørkheim 1908-1979, gift 1930 med Kari Ulsanden 1904-1983

Auksjonsskjøte til Peder Bjørkheim for kr 891,- i 1939. Skjøte 1944 frå Peder Bjørkheim til sonen Johan Bjørkheim for kr 472,- og røgt og pleie til seljaren.

Jorda vart fråseld til Paul Heggero i 1961 og har sidan vore drivi saman med Heggero. Stugu gnr. 89 bnr. 9 vart ikkje seld, men vart seinare seld til Paul Heggero og brukt som bustad til Arne og Anna Heggero og seinare til feriestad og bustad for Paul Heggero.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953 – 1997

Panteregister, grunnbok

Folketelling 1910